



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/346 - 22/21625

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
15.03.2022

Vedtak til klagevurdering - gbnr 322/132 Mjåtveit

Tiltak: tilbygg/carport for bruktbilbutikk
Byggjestad: Gbnr: 322/132
Tiltakshavar: Jim Roger Gripsgård
Ansvarleg søkjar: Rolf Hamn

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg /carport med plass til 6 bilar som skal disponerast av etablert bruktbilbutikk på staden. Arealet er allereie nytta til oppstilling av bilar knytt til verksemda. BYA er opplyst til å vere ca 91m², og utnyttingsgrad opplyst til 31%. Tiltaket endrar ikkje, eller er til hinder for køyremønsteret på eigendommen.

Planstatus

Eigendommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Mjåtveit-Frekhaug plan ID – nr. 1256 19780310 er definert som industriområde.

Tiltaket er innafor byggegrense, og i samsvar med plan.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Mette Robertsen på e-post mette.robertsen@alver.kommune.no eller på telefon 56 375643.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av tilbygg/carport for bruktbilbutikk - gbnr 322/132 Mjåtveit
Situasjonskart avstander grenser og bygninger
Situasjon Plankart
Tegninger Fasade Plan

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen